**Møtereferat 20**

## Komitéen for nytt kommunenamn og heraldikk

Møtestad: Smia Hornindal.
Tid: måndag 26.11. 2018 kl 19.00 – 20.00

**Til stades**:
Odd A. Folkestad
Jon Tvinnereim
Kari Hasle
Rolf Taraldset
Siv Madeleine Kristensen

1. **Innkallinga til møtet og referatet frå møtet 27.08.2018 vart samrøystes godkjende.**

### Forslaget frå Heraldikknemnda til ny ordførarkjede:

2. **Om tekstdelen som skal følgje forslaget til ordførarkjede for Nye Volda kommune: Leiaren reviderer og supplerer det utsende utkastet, og eventuelle rettingar blir innarbeidde ved sirkulasjon i nemnda.**
3. **Forslag til ny ordførarkjede: Rolf Taraldset la fram grundig gjennomarbeidd forslag med nokre moglege alternativ. Nemnda slutta seg til forslaget og drøfta særleg eitt av alternativa som Rolf la fram: Om medaljongen med fyrmotiv skal ha bilde av fyrtårn *eller* fyrlykt. Det kom fram ulike vurderingar av dette spørsmålet. Odd A. Folkestad foreslo at Rolf Taraldset og leiaren får fullmakt til å avgjere valet etter at Kari Hasle har rådspurt fagfolk på fyrhistorie. Dette forslaget slutta alle seg til.**
4. **Det var semje om at Rolf Taraldset får fullmakt til å gjere mindre endringar på det framlagde forslaget til ordførarkjede i samarbeid med den som skal produsere kjeda.**

Referent:
Jon Tvinnereim

Referent:
Jon Tvinnereim